

Aukande medlemstal i turlaget

29.01.2010



Krumtappar i Kvinnherad Turlag som held fram: Anne Kari Enes, Svein Bergseth og Sigve Solheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Medlemstalet i Kvinnherad Turlag auka i fjor med 27 til 678 og det er styret svært godt nøgd med. Turlaget har hatt ein jamn og god medlemsvekst sidan det vart stifta i 1998.



Lærer Thomas Haave Backe (bak) med tre flinke gitaristar frå Uskedalen: Johannes Taranger, Hermund Døssland og Victoria Andersen Eik. (Foto: Tor Edward Taranger)

Når deltakartalet på turane i fjor stoppa på 1.097 etter å ha vore oppe i 1.400 året før, hadde det samanheng

med at innandørsklatring ikkje lenger er med fordi klatrevæggen har gått ut som aktivitet i laget og veggen er flytta til Aktivitetshuset i Uskedalen.

Dette vart opplyst under årsmøtet i Rauløo i Rosendal der årsmeldinga også bar bod om varierende deltaking på turane. Fleire turar, til dømes i august i fjor, måtte avlysast grunna vertilhøva. Det har også vore avlysing på grunn av for få deltakarar. Det er framleis litt laber interesse for dei fleste skiturane medan dei faste turane til Ulvanåso og på Folgefonna framleis har god oppslutnad.

Turar med kombinasjon av natur- og kulturhistorie der ferda gjerne går ut av kommunen har god oppslutnad. Indianarleiren på Fjellandsbø i Uskedalen saman med Friluftsdagen på sundagen etter har vore ein årleg suksess for store og små. Men sist sommar vart arrangementet berre delvis gjennomført på grunn av kraftig regnver. Det same var tilfelle med Friluftsdagen.

Ikkje minst seniorgruppa kunne leggja fram ei positiv årsmelding. Dei gjennomførte 12 av 13 planlagde turar med 134 deltakarar. Ein av turane var fottur til Mannsvatnet med 15 deltakarar.

Av dei som gjennomførte fjelltrimmen i fjor var 25 over 60 år og halvparten av dei som gjekk på alle toppane var og seniorar. På den andre sida var 17 under 15 år. Det var 100 med i Kvinnherad Fjelltrim i fjor og dei gjekk 646 turar og 41 var på Ulvanåso-toppene..

-Vi har ein jobb å gjera for å få med fleire, sa leiar Anne Kari Enes, men ho minna samstundes om at dei einskilde bygdene har sine egne fjelltrimopplegg.

Turlaget har sett ned ei boknemnd som jobbar med ei bok om Kvinnherad-naturen og har innleia eit samarbeid med Jan Rabben. Eit anna prosjekt er turstiprosjektet der dei samarbeider med turistkontoret. Det skal avsluttast til sommaren med skilting og fullføring av nett-jobben.

Styret i turlaget er uendra etter årsmøtet. Det består av Anne Kari Enes, Sigve Solheim, Svein Bergseth, Tove Kringlebotten Apeland og Gunnlaug Vågen Tjelmeland.

Av varamedlemmene er no to frå Uskedalen, Jofrid Eik og Oddbjørn Kroka.

Geir Eidsvik frå Uskedalen sit fortsatt i hytteutvalget og Tor Vidar Sæle frå Uskedalen i fjellsportgruppa. I denne gruppa er no innvald uskedeling nummer to – Bjørn Olav Tveit.

Årsmøtet vart opna av tre gitarspelande uskedelingar – Johannes Taranger, Hermund Døssland og Victoria Andersen Eik. Saman med lærar Thomas Haave Backe spela dei frå Beethovens niande symfoni og tema frå Gudfaren.

Atle Helland hadde eit imponerende lysbilledkåseri frå ein Svalbard-tur i august i fjor.

Vi vil tru at kåseriet kan frista fleire til å setta kursen mot nord...

Av Ola Matti Mathisen